



Arkivnr: 2017/732-30

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		03.10.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Nordsjøkommisjonen - val av vararepresentantar til tematiske arbeidsgrupper i Nordsjøkommisjonen**Samandrag**

I møteprotokollen frå fylkesutvalet den 22.06.17 under PS 189/17 Ymse/open time er det teke inn følgjande:

Nordsjøkommisjonen

Mona Røsvik Strømme (H) sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«De tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen blir å behandle i fylkestinget i oktober.»

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.»

Hordaland fylkeskommune vart gjort merksam på at det ikkje var vararepresentantar til temagruppene i Nordsjøkommisjonen.

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget gjer val av eit varamedlem til kvar av dei fem tematiske arbeidsgruppene til Nordsjøkommisjonen.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val til varamedlem til dei fem tematiske arbeidsgruppene til Nordsjøkommisjonen:

Culture and tourism: varamedlem:

Economic development: varamedlem:

Transport: varamedlem:

Energy and climate change: varamedlem:

Marine resources: varamedlem:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.08.2017

Hordaland fylkeskommune er medlem i Nordsjøkommisjonen (NSC). Kommisjonen blei oppretta i 1989. NSC er ein av seks geografiske kommisjonar under den politiske paraplyorganisasjonen CPMR, ein europeisk tenketank for periferiske regionar i Europa. Hovudmålet er å fremje samarbeid mellom regionane rundt Nordsjøen for å finne gode løysingar, dele erfaringar og arbeide for å påverke politikkutforming i Brussel. Dette er ei viktig reiskap i det norske handlingsrommet under EØS- avtalen.

Nordsjøkommisjonen har 31 medlemsregionar frå 7 land i Nordsjøregionen: Skottland, England, Nederland, Tyskland, Danmark, Sverige og Norge. 11 fylkeskommunar i Noreg er medlemar. Alle dei fire Vestlandsfylka er med. Kommisjonen jobbar spesielt med berekraftig utvikling med fokus på kultur og turisme, marine ressursar, berekraftig transport og energi og klimautfordringar.

For å kunne vere med å påverke den europeiske politikken som gjeld utviklinga i Hordaland, er vi aktivt medlem i europeiske organisasjonar. Prioriterte organisasjonar er Nordsjøkommisjonen (NSC), Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR) og Baltic Sea States Subregional Cooperation (BSSSC). I desse organisasjonane får Hordaland fylkeskommune informasjon om, og innverknad på den regionalpolitiske utviklinga i Europa.

Fylkeskommunale representantar, i Nordsjøkommisjonen, tematiske arbeidsgrupper:

- Culture and tourism: Silje Hjemdal - Frp
- Economic development: Roald Kvamme - A (frå 15.06.16)
- Transport: Nils T. Bjørke - Sp
- Energy and climate change: Daniel Charles Hextall - SV
- Marine resources: Mona Røsvik Strømme – H

Hordaland fylkeskommune vart gjort merksam på at det ikkje var vararepresentantar til temagruppene i Nordsjøkommisjonen. Representanten Mona Røsvik Strømme (H) sette fram forslag om at dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen vert å behandle i fylkestinget i oktober. Det har ikkje tidlegare vore gjort val av varamedlem til dei tematiske arbeidsgruppene til Nordsjøkommisjonen.

Slikt val må gjerast.